



Leikanger kommune

Kommunal planstrategi

2016 - 2019

Framlegg 26.mai -16

Bakgrunn

Plan- og bygningslova frå 2009 innførde eit nytt omgrep:

§10 – 1. Kommunal planstrategi

Kommunestyret skal minst én gang i hver valgperiode, og senest innen ett år etter konstituering, utarbeide og vedta en kommunal planstrategi. Planstrategien bør omfatte en drøfting av kommunens strategiske valg knyttet til samfunnsutvikling, herunder langsiktig arealbruk, miljøutfordringer, sektorenes virksomhet og en vurdering av kommunens planbehov i valgperioden.

Kommunen skal i arbeidet med kommunal planstrategi innhente synspunkter fra statlige og regionale organer og nabokommuner. Kommunen bør også legge opp til bred medvirkning og allmenn debatt som grunnlag for behandlingen. Forslag til vedtak i kommunestyret skal gjøres offentlig minst 30 dager før kommunestyrets behandling.

Ved behandlingen skal kommunestyret ta stilling til om gjeldende kommuneplan eller deler av denne skal revideres, eller om planen skal videreføres uten endringer. Kommunestyret kan herunder ta stilling til om det er behov for å igangsette arbeid med nye arealplaner i valgperioden, eller om gjeldende planer bør revideres eller oppheves.

Utarbeiding og behandling av kommunal planstrategi kan slås sammen med og være del av oppstart av arbeidet med kommuneplanen, jf. kapittel 11.

Miljøverndepartementet har gitt ut Rettleiar (Rundskriv T-1494) i samband med arbeidet med Kommunal planstrategi. Her vert det mellom anna gitt råd om det praktiske arbeidet:

- Gjeldande kommuneplan er eit viktig utgangspunkt for den kommunale planstrategien. For kommunar som har kommuneplan med samfunnsdel og arealdel vil ein viktig diskusjon vera om heile eller deler av kommuneplanen skal reviderast.

Erfaringane med korleis gjeldande kommuneplan har verka bør gå inn som ein del av grunnlaget for å vurdere planbehovet i kommunestyreperioden:

- Korleis har kommuneplanen virka som politisk og administrativt styringsverktøy
- I kva grad har utviklinga gått i den retninga som var trekt opp i mål og føringar i gjeldande kommuneplan?

I planstrategien er det naturleg at kommunen ikkje berre vurderer behovet for revisjon av kommuneplanen, men òg kommunen sitt samla planbehov i kommunestyreperioden. Dette gjeld lovpålagde planoppgåver, ikkje lovpålagde og anna utgreiingsarbeid.

Vurderingane av korleis kommuneplanen har fungert som styringsverktøy kan gjerast på ein enkel måte av administrasjonen, eller meir omfattande som ei undersøking. Vurdering av dokumenterte utviklingstrekk sett i forhold til vedtekne mål og føringar i gjeldande kommuneplan kan vera eit nyttig underlag for dei politiske vurderingane av behovet for endringar i kommuneplanen.

Aktuelle tema for å gjera greie for utviklingstrekk og utfordringar som grunnlag for å vurdere planbehovet kan vera:

- Folketalsutvikling og alderssamansetjing
- Levekår og folkehelse
- Næringsliv og sysselsetjing
- Bustadbygging
- Miljø- og klima
- Transport og infrastrukturbygging
- Langsiktig arealbruk
- Kommunal tenesteyting og forvaltning

Nasjonale forventninger og regionale utfordringer

Nasjonale forventninger

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har i brev av 29.04.15 gjort greie for kommunal planstrategi og forholdet til kommunereforma.

Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging er vedtekne ved Kongeleg resolusjon av 12.06.15 (Rundskriv H-2347 B). Her er det fylgjande tema og forventningar:

- Gode og effektive planprosessar
- Berekraftig areal- og samfunnsutvikling
- Attraktive og klimavennlege by- og tettstadsområde

Gjennom den kommunale planstrategien skal det fokuserast på kva utfordringar kommunen har, knytt opp mot dei nasjonale forventningane.

Regionale utfordringer

I fylkeskommunen sitt høyringsframlegg til regional planstrategi har ein komme fram til fem overordna utfordringar:

- Globalisering og sentralisering
- Migrasjon og intergrering
- Kvinner, utdanning og arbeidsmarknad
- Utvikling av kunnskapssamfunnet
- Klimaendring og behov for klimaomstilling

Gjeldande kommuneplanar

Leikanger kommunestyre vedtok i juni 2009 arealdelen i kommuneplan, gjeldande for perioden 2008- 2016.

Ny samfunnsdel 2015 - 2016 vart vedteken i juni 2015 med fylgjande overordna mål for Leikangersamfunnet:

- **Eit berekraftig Leikanger i vekst.**

Dei fem satsingsområda i samfunnsdelen i kommuneplanen

Busetjing og inkludering

- Busetjing og tilflytting
- Omdømmebygging
- Sentrumsutvikling

Næringsutvikling og verdiskaping

- Næring, etablering og dei offentlege etatane
- Landbruk, skogbruk, frukt og bær

Oppvekst, eldre og helse

- Oppvekst og helse
- Skular og barnehagar
- Helse og førebyggjande arbeid

Kultur og fritid

- Frivillige lag og organisasjonar
- Idrett og friluftsliv
- Kultur
- Natur og miljø

Regional utvikling

- Kommunikasjon
- Regionalt samarbeid
- Kultur, opplevingar og reiseliv
- Kommunereforma

Folketalsutvikling 2009 – 2015

Folketalet har hatt denne utviklinga:

2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
2156	2182	2225	2236	2255	2268	2298

Dette gir ein gjennomsnittleg årleg auke på 20 personar eller 0,9 %. Alderssamansetjinga har ikkje endra seg vesentleg sidan 2009.

Bustadbygging 2009 - 2015

Talet på ferdigstilte bustader:

2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
11	9	19	19	7	16	9

Samla er dette 90 nye bustader, som gir eit snitt på 13 per år. Av bustadene i 2009 -2011 er 1/3 einebustader og 2/3 i tettare busetnad. Halvparten av dei desse bustadene ligg innafør sentrumssona (ti minuttar gangavstand frå sentrum).

Av dei 51 ferdigstilte bustadene i 2012, 2013, 2014 og 2015 var 30 (59%) innanfor sentrumssona og 21 (41%) utanfor.

Overordna utviklingstrekk og utfordringar

Folketal

Folketalet har hatt ei positiv utvikling sidan 2008. Ser ein nærare på tala for dei ulike gruppene samla for dei fire åra 2012 til og med 2015 er :

- fødselsoverskot (fødde minus døde) på 15 personar
- netto innvandring frå utlandet 21 personar
- netto innanlands tilflytting 25 personar

Folketalsframskrivinga med middels nasjonal vekst syner at det er gruppa 67 år og eldre som vil auka i tiåra framover.

Leikanger si store utfordring er å få fleire av dei av dei som får arbeid i kommunen å busetja seg her. Erfaringa frå planstrategien for perioden 2012 – 2015 viser at det er eit stort gap mellom ambisjonane om utarbeiding av planar og kapasiteten. Dette kan verta utfordringa i denne perioden òg, då kapasiteten

ikkje har auka. I perioden 2012 – 2015 vart det i kommunal regi sett i gang og fullført reguleringsplanar for utbetring av fv 185 Njøsavegen og næringsområde på Kvålen. Med den avgrensa plankapasiteten Leikanger har er det svært viktig at alt planarbeid er tufta på at det er økonomi til å gjennomføra planane. Sikring av areal- og ressursutnyttinga skal skje gjennom arealdelen i kommuneplanen, som i perioden 2016 – 2019 skal dekkja heile kommunen. I framlegget til planprioritering 2016 – 2019 er under pkt 4. ført opp fleire planar som skal inngå som grunnlagsmateriale for ny arealdel. Skal dette grunnlagsmateriale vera mogeleg å få fram parallelt med framdrifta i arealplanarbeidet, må det skje i ei avgrensa og enkel form.

Planprioriteringa 2016 – 2019

	Plan	Vedteken	2016	2017	2018	2019	Merknad
1	Samfunnsdel i kommuneplan, revisjon	2015					Utført i eigen regi, vedteken 2015
2	Arealdelen i kommuneplanen	2009	x	x			Skal dekkja heile kommunen
3	Handlingsdel i økonomiplan	2015	x	x	x	x	Årleg rullering med 4 års perspektiv
4	Grunnlagsmateriale til ny arealdel i kommuneplan						
	4.1 Fleirbruksplan for fjellområda		x	x			Leia av eiga gruppe, kostnaden vert dekkja av Sognekraft
	4.2 Strandsoneanalyse	1994	x	x			Innleige
	4.3 Analyse rundt tilhøve for gåande og syklistar		x	x			Innleige
	4.4 Barnetråkk		x	x			Innleige
	4.5 Verdsetjing av friluftsområde		x	x			
	4.6 Mulegheitsanalyse for fortetting i Leikanger						Innleigd fagmiljø/eksterne tilskotsmidlar t.d gjennom KLIMASATS
	4.7 Kartlegging av bustadbehov og preferansar, mellom anna for grupper 60+						
5	Tematisk delplanar						

	5.1 Helse- og omsorgsplan		x				Oppstarta
	5.2 Kulturminneplan		x	x			Oppstarta. Innleige av kompetanse, tilskot frå fylkeskommunen,
	5.3 Energi- og klimaplan, revisjon	2010					Innleige av kompetanse, ikkje oppstarta
	5.4 Trafikktryggingplan, revisjon	2000				x	Eigen regi, vilkår for tilskot frå Aksjon skuleveg
	5.5 Plan for idrett og fysisk aktivitet, folkehelse	2011	x				Eigen regi, ma.vilkår for tilskot frå spelemidlar
	5.6 Vassforsyning, revisjon	1991		x	x		Samkøyrast med nytt vassinntak i samband med kraftutbygginga
	5.7 Avløp, revisjon	1994		x	x		Innleige av kompetanse
	5.8 Beredskap, revisjon	2015				x	Eigen regi + innleigd kompetanse på flaum,
	5.9 Regional friluftslivplan		x	x			
6	Reguleringsplanar						
	6.1 Strandavegen		x	x			Oppstarta
	6.2 Hanahaug			x	x		Vedtak om løyving i økonomiplanen
	6.3 Områderegulering av nytt bustadområde			x	x		
	6.4 Detaljregulering av nytt bustadområde				x	x	

Plantypar

Samfunnsdelen i kommuneplanen: Kommuneplanen sin samfunnsdel skal ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for heile kommunesamfunnet og kommunen som organisasjon. Planen skal vera grunnlag for sektorane sine planar og arbeid i kommunen.

Arealdelen i kommuneplanen: Juridisk bindande plan for arealbruk. Planen skal fastsetja hovudtrekka i arealdisponeringa og gi rammer og vilkår for kva nye tiltak og ny arealbruk som kan setjast i verk.

Reguleringsplanar: Detaljert, juridisk bindande plan for eit avgrensa område og skal visa planlagd grunnutnytting i dette området. Reguleringsplanar skal innehalda plankart, utgreiing og føresegner. Det skal vera samsvar mellom arealbruken i reguleringsplanar og arealdelen i kommuneplanen.

Tematiske kommunedelplanar: Plan for konkrete tema eller sektorar i kommunen. Prosessane skal fylgja prosessane fastsett i Kap 11 i Pbl.

Fagplanar/handlingsplanar: Dette er dokument som einiskilde tenestekområde/sektorar i kommunen treng for sitt arbeidsområde. Dette er planar som ikkje fylgjer krav til prosess i Kap 11 i Pbl. Dei skal heller ikkje vera med i planstrategien.